

# HaNo—Nytt mai 2010



## Serien er i gang

Like sikkert som at ballen er rund, er at april er tid for seriestart. I år har HaNo heile 11 lag påmeldt. Det er 2 meir enn i fjor!

Rekordseint årsmøte gjorde at styret og andre nemnder har hatt svært kort tid på seg til å førebu seriestarten for dei 11 laga våre. Vi håper og trur at det meste likevel er i på plass, takka vere at mange har brukt av si fritid for å gi barn, unge og litt eldre eit sunt og godt fritidstilbod.

Det er svært kjekt og positivt at vi har ein auke i talet på spelarar i yngres-avdeling. HaNo er ein breiddeklubb,

der trivsel og samhald er viktig.

I tillegg har vi i år fått første gong eit samarbeid med Lepsøy IL på seniornivå . For å klare å stille eit 11'ar damelag, samarbeide nødvendig. No har vi 20-22 spelarar i stallen.

Om lag 90 tillitsvalde er i sving for å halde aktivitetane gåande. I tillegg vert det lagt ned mange timar av foreldre, spelarar og andre. Det kan vi takke kvarandre for!

Aktivitet er viktig for at øyane våre skal vere ein god stad å bu!

## HaNo—Nytt

220 medlemmar

105 aktive i yngres

45 aktive i senior

Stifta 1984

Omsetjing 2009:

Ca 900 000,-

Nettside:

<http://hanofk.no>

## Damelaget til HaNo/Lepsøy 2010



## Korleis går det med Nordøyhallen?

Etter 2 år med planlegging, prosjektering, tenking og forhandling, er det meste no klart for å ta til på arbeidet med å reise Nordøyhallen. Byggesøknaden er til behandling i kommunen. Når den er godkjent, kan grunnarbeidet ta til. Håpet er at det meste skal vere klart til å starte med graving rett etter 17. mai.

Det er ein hall på 69\*45 meter som skal byggast på grusbana på Austnes. Hallen er av plast, men vil vere isolert. På den måten vil den kunne varmast opp med varmepumper på den kaldaste delen av året.

Innvendig vil det verte lagt kunstgras. Men det er planen å kjøpe inn eit mobil sportsgolv på 20\*40 meter, slik at andre aktivitetar kan gå føre seg i hallen. Likeeins er det planar om klatrevegg i den eine enden av hallen. I tilknytning til den eine kortveggen, vil det bli satt opp eit påbygg. Dette skal

innehalde toalett og garderober, samt kjøken og lager.

Vi har mykje godt arbeid framfor oss, men vi er overbeviste om at resultatet skal bli bra.

Går alt som vi trur, skal hallen vere klar til bruk i oktober.

Når vi kjem i gang med grunnarbeidet, vil det verte dugnad tysdag og laurdag i ei periode. Då skal ringmuren forskalast og støypast. Her treng vi hjelp! Meir info etter kvart.

Fleire hundre timar har

allereie vorte lagt ned i prosjektet, men no ser vi verkeleg fram til å starte bygginga. Om mindre enn eit halvt år vil hallen stå ferdig, til glede for alle som vil bruke den!

Har du gode råd, idear til kva hallen kan brukast til, eller berre lyst til å bidra? Følg med på <http://hanofk.no>, eller ta kontakt med oss i hallnemda: Per Olav Vedeld, Geir Olav Otterlei, Per Arne Tomren, Ivar Fjørtoft, Andreas Sylte og Kenneth Ulla



**Første dugnadsøktene er allereie over. Ein del tre måtte vekk mellom grusbana og grusbana**

## Norway Cup

Anna kvart år får jente—og gutelaget sjansen til å reise for å vere med på verdas største fotballturnering. I år vil G16 og J16 reise i lag til Oslo for å vere med på Norway Cup. Ei gruppe med foreldre og representantar frå Sportsleg utval yngres, er allereie i gang med

planlegginga. HaNo Fk går inn med 30 000 kroner i støtte, og i tillegg er det mykje godt arbeid som skal gjerast før ei opplevingsrik veke på Ekebergsletta er ein realitet.

Norway Cup 2010 går 1.—7. august.



## J8—ein kort presentasjon



Trenarar:

Ivar Fjørtoft  
Anna Marøy Austnes

Lagleiar:

Bent Austnes

I pulje med: Brattvåg, Ravn,  
Skodje, Stordal 1, Stordal 2 og  
Ørskog.

Heimeturnering: veke 22

### Øyacup for yngres

I år er det HaNo sin tur til å arrangere Øya-cup for yngres. Vi satsar på å få til eit topp arrangement. Datoen er satt til 18. september.

# Heimekampar denne våren

14.04.2010	HaNo - Lepsøy	Herrer	Rogne
22.04.2010	HaNo/Lepsøy - Rollon	G 16	Rogne
30.04.2010	HaNo - Harøy	Herrer	Nordøy
30.04.2010	HaNo/Lepsøy - Ravn	G 16	Austnes
04.05.2010	HaNo - Skarbøvik	G 13	Austnes
04.05.2010	HaNo/Lepsøy - Ørskog	J 14	Nordøy
04.05.2010	HaNo - Norborg	H 7	Rogne
06.05.2010	HaNo - Harøy	J 16	Nordøy
08.05.2010	HaNo - Stranda 2	Herrer	Nordøy
18.05.2010	HaNo/Lepsøy - Valldal	J 14	Austnes
18.05.2010	HaNo - Emblem	Herrer	Nordøy
19.05.2010	HaNo/Lepsøy - Spjelkavik	Damer	Nordøy
20.05.2010	HaNo - Harøy	G 13	Nordøy
21.05.2010	HaNo/Lepsøy - Brattvåg	G 16	Austnes
22.05.2010	HaNo - Stranda	J 16	Austnes
25.05.2010	HaNo - Brattvåg	H 7	Austnes
27.05.2010	HaNo - Ravn	J 16	Austnes
29.05.2010	HaNo - Liabygda 5'ar	G 13	Nordøy
01.06.2010	HaNo/Lepsøy - Valder	J 14	Nordøy
09.06.2010	HaNo - Brattvåg	G 13	Austnes
09.06.2010	HaNo - Stordal	Herrer	Nordøy
14.06.2010	HaNo - Vigra	H 7	Nordøy
15.06.2010	HaNo/Lepsøy - Ravn	J 14	Austnes
16.06.2010	HaNo/Lepsøy - Ørsta	Damer	Nordøy
17.06.2010	HaNo - Godøy	J 16	Nordøy
22.06.2010	HaNo - Godøy	H7	Austnes
02.07.2010	HaNo/Lepsøy - Ellingsøy	G 16	Austnes

## Våre hovudsponsorar

